



Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes fisk AS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1846 - 15/5543

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
10.03.2015

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegg ved lokalitet Langøy

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes fisk AS
Anbjørg Ruth Vindenes
Egil Sundsbø
Fiskarlaget Vest
Fiskeridirektoratet region Vest
Hordaland fylkeskommune
Kystverket
Masfjorden kommune



Tom Børge Vindenes

Tordis Helga Høgsve

Unni Margrethe Vindenes

Åge Sørhaug

Fylkesmannen i Hordaland

Austrheim kommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
030/15	Plan- og miljøutvalet	PS	04.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Christian H. Reinshol	14/1846

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegg ved lokalitet Langøy

Vedlegg:

Søknad dispensasjon arealplan, Fyllingsnes Fisk, 23. januar 2014
Vedlegg 1. Langøy_1019-A103 Olex 1-7500_rev00
Vedlegg 2. Langøy_1019-A101 Sjøkart 1-50 000_rev00
Vedlegg 3. Langøy_1019_posisjoner2015
Fylkesmannen har ikkje merknad til søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS om utviding av areal for oppdrett av laks og aure på lokalitet Langøy
Høyring av søknad om dispensasjon frå kommunedelens arealplan for utviding av lokalitet Langøy
Søknad om endring av lokalitet Langøy - Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det ikkje gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for Fensfjordens arealdel i sjø §§ 3.2 og 3.4, jf. søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS, datert 23.01.2014. Det vert vist til vurderinga i saksframlegget for grunngjeving av avslaget.

.....

Plan- og miljøutvalet - 030/15

PM - behandling:

Tillegg til den politiske handsaminga av saka, alternativt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for Fensfjordens arealdel i sjø §§ 3.2 og 3.4, jf. søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS, datert 23.01.2014. Det vert vist til at det er sett av område for akvakultur ved den aktuelle lokaliteten. Anlegget vil ikkje vere vesentleg i konflikt med dei aktuelle arealføremåla, og fordelane knytt til

drftstilhøve og sikrere anlegg i høve framtidig ekstremvær er større enn dei registrerte ulempene ved etablering av eit større anlegg. Det vert elles vist til saksutgreiinga.

Fellesframlegg:

Rådmannen sitt alternative framlegg med tillegg:

Plassering av anlegg skal gjerast i hht oppdatert søknad mottatt 25.02.2015.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for

Fensfjordens arealdel i sjø §§ 3.2 og 3.4, jf. søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS, datert

23.01.2014. Det vert vist til at det er sett av område for akvakultur ved den aktuelle lokaliteten.

Anlegget vil ikkje vere vesentleg i konflikt med dei aktuelle arealføremåla, og fordelane knytt til

drftstilhøve og sikrere anlegg i høve framtidig ekstremvær er større enn dei registrerte ulempene ved

etablering av eit større anlegg. Det vert elles vist til saksutgreiinga.

Plassering av anlegg skal gjerast i hht oppdatert søknad mottatt 25.02.2015.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet

Bakgrunn

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS har søkt om dispensasjon frå arealføremål i kommunedelplan for Fensfjorden for å utvide sitt akvakulturanlegg ved lokalitet Langøy. Det vert søkt om å endre anleggskonfigurasjon frå dagens stålanlegg til eit plastringanlegg.

Anlegget som ligg på lokaliteten i dag er av same type som anlegget på lokaliteten

Ospeneset som havarerte under stormen «Nina» tidlegare i år. På bakgrunn av dette er det

ynskje om å legge ut eit nytt anlegg ved Langøy før utsett av smolt i siste halvdel av mars.

Lokaliteten Langøy er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 3120 tonn. Løyve er gjeve til eit anlegg som består av seks 35 x 35 meter stålbur på ei rekkje med tilhøyrande fôrflåte. Noverande anlegg er klarert for om lag 27 dekar overflate areal.

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS søkjer no om å få klarert areal for utlegging av eit nytt plastringanlegg. Det nye anlegget vil bestå av 5 merdar med tilhøyrande fôrflåte. Kvar merd vil ha ein omkrets på 160-200 meter. Rammefortøyinga vil ha ein storleik på 550 x 110 meter.

Omsøkt overflate areal er om lag 60 dekar for sjølve oppdrettsanlegget. I tillegg kjem fôrflåten med fôrslangar til anlegget. Denne er tenkt plassert 100 meter sør for anlegget. Dette vil gje eit samla overflateareal på ca. 95 dekar. Det vert ikkje søkt om endring i produksjonskapasiteten i anlegget.

Årsaka til søknaden er mellom anna at verksemda sitt anlegg på lokalitet Ospeneset lenger inne i Austfjorden havarerte under uveret «Nina». I det same uveret opplevde verksemda og utfordringar ved det eksisterande anlegget ved Langøy, og ein ønskjer difor å leggje ut eit nytt plastringanlegg før neste utsett. Neste utsett er planlagd i siste del av mars 2015. Søkjar skriv at på ein eksponert lokalitet som Langøy så vil eit plastringanlegg vera meir rømmingssikkert enn eit stålanlegg.

Søkar peiker vidare på at sjølv om ein søkjer om ei utviding av dagens anlegg, vil det også verte frigitt noko areal i samband med endringa. Eide Fjordbruk informerer vidare om at ein ved ei kjapp avgjerd i saka vil kunne kome i gang med aktivitet i det nye anlegget etter den allereie godkjende driftsplanen frå fiskerimyndighetene. Den nye plasseringa av anlegget vil vidare bidra til at anleggets vinkling mot hovud-værretning og lokale straumforhold fortsatt vil vere god, samt hindre at anlegget kjem for langt ut i fjorden. Eide Fjordbruk peiker på at endringa etter deira vurdering vil optimalisere lokalitetens bæreevne i høve utslepp av avfallsstoff og fiskehelse. Overgangen til plastringar vil gje betre vassgjennomstrauming i anlegget og større avstand mellom bura, noko som vil gje betre oksygenforhold for fisken. Auken i merdvolum vil også gje betre plass for fisken i merda. I tillegg vil det auka merdvolumet gje betre fleksibilitet ved brønnbåtavlusingar på lokaliteten.

Søkar peiker vidare på at regjeringsplattformen for sittande regjering fastslår at ein ynskjer å fleirdoble verdiskapinga i fiskeri- og havbruksnæringa. Vidare er mål om tilrettelegging for lokal matproduksjon i Lindås kommune nedfelt i den kommunale planstrategien for 2012-2016. Det vert avslutningsvis også peika på at ein ved ny plassering av anlegget vil kome noko lenger frå land enn opphavleg, noko som vil gje redusert sjenanse for dei som oppholder seg i strandsona. Det vert også peika på at mange opplever plastringar som mindre visuell forstyrring enn dei tradisjonelle stålanlegga.

Høyring / nabovarsling:

Lindås kommune har hatt søknaden om dispensasjon på høyring til naboar og berørte mynde, jamfør plan- og bygningslova § 21-3. Under er merknadane oppsummert.

1. *Fylkesmannen i Hordaland* peiker på at den generelle trenden i akvakulturnæringa har gått i retning frå stålanlegg til plastringanlegg som er sertifiserte for grovare sjø og skal tole større belastningar enn stålanlegga. Fylkesmannen peiker vidare på at

rømmingsstatistikken viser at det skjer rømmingar frå plastringanlegga også. Det er i høve Fylkesmannen ikkje naudsynt å endre utsleppsløyvet så lenge utsleppsstaden ikkje vert endra.

2. *Fiskarlaget Vest* har generelle merknader knytt til samordna vurdering av tolegrense for oppdrett innanfor geografiske område og at ein må velje lokasjonar som ikkje er i strid med anna fiskeriverksemd. Det vert vidare vist til at kommuneplankarta må vise kor store område som faktisk vert beslaglagt for akvakulturnæringa (fortøyingar og liknande.) og ikkje kun sjølve anlegget. Det er viktig at ankersystema vert avgrensa så langt som råd og at fortøyingar og ankersystem vert rydda opp når anlegg ikkje lenger er i bruk. Fiskarlaget har ikkje registrert område for fiske i umiddelbar nærleik av anlegget. Det vert peika på at det er uheldig at heile anlegget med fortøyingar ikkje vert vist i kommuneplanen og at ein god del av overflateanlegget vert liggande utanfor kommuneplanen. Fiskarlaget stiller spørsmål ved kva slags juridisk funksjon kommuneplanen har når det stadig vert gjeve dispensasjon frå nyleg vedtekne planar.
3. *Fiskeridirektoratet* set spørsmålsteikn ved om det er naudsynt med søknad om dispensasjon for utviding av anlegget. Dei peiker vidare på at det ikkje er registrert viktige fiskeområde i nærleiken av anlegget og har soleis ikkje merknader i høve dispensasjonsspørsmålet. Det vert avslutningsvis peika på at anlegget medrekna fortøyingar vil legge beslag på større areal enn det som er avmerkt i kommuneplanen.

Vurdering

Bakgrunnen for søknaden som dispensasjon frå kommunedelplan for Fensfjorden er at ein ynskjer å etablere ein nytt plastringanlegg som erstatning for eksisterande stålanlegg. Det nye anlegget vil i høve søkar gi betre tilhøve for fisken, betre driftstilhøve og vil ha ei optimal utforming med omsyn til miljøbelastning. Dispensasjonssøknaden gjeld kravet i kommunedelplan for Fensfjorden som gjeld at akvakulturanlegg skal etablerast innanfor område sett av til akvakultur. Søknaden kjem i strid med føremåla «Farlei» og «Bruk og vern av sjø og vassdrag» i kommunedelplanen. Det kjem ikkje nøyaktig fram av dispensasjonssøknaden, men i følge Hordaland fylkeskommune vil sjølve anlegget beslaglegge om lag 60 dekar og i tillegg vil forflåte og førleidningar gi eit samla areal på om lag 95 dekar som vert beslaglagt av anlegget.

Anlegget vil kome ut i område som er sett av til føremål «Farlei», men det ligg ikkje føre noko negativ uttale frå Kystverket knytt til plasseringa av anlegget i høve dette. Utvidinga er også førelagt andre aktuelle mynde i saka. Fiskeridirektoratet har peikt på at anlegget med fortøyingar vil legge beslag på mykje større areal enn det som er sett av i høve kommuneplanen. Dette er heller ikkje avmerkt i kartet. Fiskarlaget Vest set spørsmålsteikn ved den juridiske funksjonen av kommuneplanen når det stadig vert gjeve dispensasjonar frå planen for utviding av anlegg. Administrasjonen har utanom merknadane fått melding om det i området er gyteplass for kveite, men dette er ikkje fastsett i kart som kommunen har tilgang til. Det er difor usikkert i kva grad ei endring av anlegget vil ha for eit eventuelt gyteområde. Det er også registert lokal motstand mot akvakulturdrifta på Langøy. Kommunen har også motteke rapportar om at det foregår anleggsendringar ved anlegget utan at dette er klarert med forvaltingsorganet som er Hordaland fylkeskommune.

Dispensasjonsvurdering:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (pbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegnar fastsett i eller i medhald av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vera klart større enn ulempene. Det skal leggst særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensere når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til dispensasjonssøknaden. I denne saka ligg det ikkje føre negative uttalar frå andre mynde, men det ligg føre muntleg merknad frå gjenbuuarar i området som er negative til utvidinga.

Det er i dette tilfellet faktorar som veg positivt og negativt for å gje dispensasjon:

Fordelane ved å gje dispensasjon er:

- Betre tilhøve for drifta ved anlegget og betre fiskehelse gjennom lågare tettleik av fisk i merdane. Betre gjennomstrøyming av vatn i merdane.
- Mindre miljøbelastning under sjølve anlegget.
- Mindre risiko for havari av anlegg, då plastringanlegg toler større påkjenning enn stålanlegg.

Ulempene ved å gje dispensasjon er:

- Utvidinga er i strid med arealføremål i kommunedelplan.
- Eit større anlegg vil føre med seg større ulemper for ferdsle i området.
- Anlegget er til ulempe for gjenbuuarar i området.

Administrasjonen ser nokre ulemper ved å dispensere frå kommunedelplan for Fensfjorden for å gje løyve til anlegget. Anlegget vil i stor grad kome utanfor området som er sett av i kommunedelplanen til akvakultur. Kommunedelplanen vart vedteken i 2012 og i denne prosessen vart det prioritert å setje av areal til farlei for å prioritere ferdsle knytt til Fensfjorden. Samstundes var det viktig å prioritere næringsverksemd knytt til fjordbassenget, herunder også akvakultur. Det var i planarbeidet eit mål å få registrert kva areal fortøyingar til anlegga beslagla, slik at ein kunne få dette fram i kommuneplanen. Det var ikkje tilstrekkeleg datagrunnlag for alle anlegga då plankarta vart utarbeidd og på bakgrunn av dette vart ikkje dette vist i karta. Areal til overflateanlegg vart likevel sett av. Kystverket har ikkje uttalt seg til søknaden om dispensasjon, og administrasjonen sluttar på bakgrunn av dette at det ikkje ligg føre konflikt knytt til ferdslearealet.

Ei viktig problemstilling knytt til dispensasjonssøknaden er i kva grad areala som er sett av i kommuneplanane tilstrekkeleg gjev rom for endring i driftsmetodar for akvakulturanlegg. Det ser no ut som om fleire av aktørane i ytre del av Fensfjorden ynskjer å gå over til plastringanlegg som er mykje meir arealkrevjande enn stålanlegg som tidlegare har vore i bruk i området. Det er i utgangspunktet sett av eit større areal til akvakultur i kommuneplanen, men ein ynskjer no å etablere seg utanfor dette området, med ein annan type anlegg enn det som var tenkt i kommunedelplanarbeidet. Administrasjonen ser behovet for meir robuste anlegg som følgje av havariet som skjedde i under stormen «Nina», og dersom plastringanlegg som er vanlege i meir værutsatte område vil vere betre rusta mot framtidige stormar, vil dette vere ein fordel ved å gi dispensasjon. Samstundes meiner administrasjonen at ein i utgangspunktet må vere lojal mot ein nyleg vedteken

kommunedelplan og dei areala som er sett av der, spesielt når det er snakk om så store arealavvik som det er snakk om her. I andre arealsaker vil ein truleg anbefale at ei slik utviding må gjerast gjennom reguleringsplan eller rullering av kommuneplanen. For område i sjø ligg det ikkje føre tilsvarande vurderingar frå tidlegare, då det er mindre arealendringar som det har vore søkt om. Det er fleire av akvakulturaktørane som peiker på at arealet som er sett av i kommuneplanane til akvakultur er alt for lite i høve det faktiske arealet som er naudsynt for å drive akvakultur, spesielt med tanke på at det kjem nye driftsmetodar og nytt utstyr som set andre krav til storleik på området som er naudsynt for å drifte anlegga. I dette tilfellet ynskjer søkar å utvide til eit større anlegg som vil gje betre fiskehelse og enklare driftstilhøve ved anlegget.

Administrasjonen har motteke negative merknader knytt til ny etablering av anlegget frå gjenbuar i området. Det vert mellom anna peika på at det er eit godt gyteområde for kveite i nærleiken av anlegget og at det er snakk om same oppdrettar som nyleg var årsak til at om lag 60 000 fisk røynte frå eit anlegg lenger sør i Fensfjorden. Når det gjeld gyteområdet har ikkje administrasjonen klart å finne noko dokumentasjon på dette området og fiskeridirektoratet har heller ikkje noko informasjon registrert på dette. Det er likevel truleg av også dagens anlegg er i konflikt med dette gyteområdet, og dagens anlegg ligg innanfor område sett av i kommunedelplanen. På bakgrunn av dete vert det vanskeleg å tillegge gyteområdet spesiell negativ vekt i høve søknaden. Når det gjeld rømming av fisk vert det av tiltakshavar oppgitt at anlegget vil vere meir rømmingssikkert enn det gamle og vil tåle ekstremvær betre. På bakgrunn av at ein har sett av området til akvakultur vil administrasjonen sjå på dette som ein fordel i høve dispensasjonssøknaden.

Når det gjeld tilhøvet til naturmangfaldlova så vil miljøbelastninga under sjølve anlegget truleg verte mindre, då avfall frå drifta vil verte spreidd over eit større område enn tidlegare. Den totale mengda avfall frå anlegget vil ikkje endrast, men konsentrasjonen vil verte mindre under anlegget. I høve ureining vil truleg endringa ha ein positiv lokal effekt. Det er registrert eit verneområde for fugl sør for anlegget. Ved etablering av nytt anlegg vil anlegget kome noko lenger vekk frå dette området, og det er ikkje vurdert at eit større anlegg vil ha noko større verknad enn dagens anlegg på verneområdet.

Konklusjon:

Oppsummert meiner administrasjonen at ein på bakgrunn av det store avviket frå kommuneplanen må rå i frå at det vert gjeve dispensasjon frå kommunedelplanen. Hovudgrunnen for dette er at omsynet bak føremålet farlei og bruk og vern av sjø vert vesentleg sett til side.

På den andre sida er det sett av areal til akvakulturverksemd i området, og det er etter det administrasjonen forstår på bakgrunn av denne søknaden og andre søknader som er kome inn eit behov for større areal for etablering av nye plastringanlegg. Administrasjonen ser det som naudsynt å få ei politisk avklaring på korleis ein skal forhalde seg til søknader om denne typen anlegg som i så stor grad set til side omsynet til bruk og vern av sjø (og farlei).

Administrasjonen meiner at fordelane knytt til eit meir robust anlegg som vil vere betre rusta mot framtidig ekstremvær opphever ulempene i dette tilfellet når ein ser vekk i frå omsynet til farlei og bruk og vern av sjø. På bakgrunn av dette vil administrasjonen skildre eit alternativt framlegg til vedtak i slutten av saka dersom plan- og miljøutvalet vurderer tilhøvet til farlei og bruk og vern av sjø annleis enn administrasjonen.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gjeldande gebyrregulativ. Dispensasjon frå føresegnene 3.2 og 3.4. Faktura vert tilsendt søkar.

9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan, per dispensasjon	8.400,- (16.800,-)
-------	--	-----------------------

Tillegg til den politiske handsaminga av saka, alternativt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2, vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplan for Fensfjordens arealdel i sjø §§ 3.2 og 3.4, jf. søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS, datert 23.01.2014. Det vert vist til at det er sett av område for akvakultur ved den aktuelle lokaliteten. Anlegget vil ikkje vere vesentleg i konflikt med dei aktuelle arealføremåla, og fordelane knytt til drftstilhøve og sikrere anlegg i høve framtidig ekstremvær er større enn dei registrerte ulempene ved etablering av eit større anlegg. Det vert elles vist til saksutgreiinga.

.....